



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.
0032 Oslo

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Høringsfråsegn til forskrifter om rammeplan for femårige grunnskulelærerutdanningar

Fylkesmannen i Rogaland viser til høringsbrev og høringsnotat med framlegg til forskrifter om rammeplanar for femårige grunnskulelærerutdanningar. Fylkesmannen i Rogaland har slike merknader til framlegga:

Namnet på lærerutdanningane

Fylkesmannen meiner primært at dei tre utdanningsløpa for lærarar til 1.-7. trinn, 5.-10. trinn og 8.-13. trinn bør kallast *lærerutdanningar*. Alle dei tre utdanningsløpa vil bli femårige og kvalifisere til same grad. Omgrepet *lektor* bør derfor enten brukast på alle utdanningane, slik rammeplanutvalet føreslo, eller ingen. Med femårig lærerutdanning for alle trinn vil det etter kvart ikkje vere noko skilje mellom *lærer* og *lektor*.

§1 Virkeområde og formål

Den gode læraren er avgjerande for eit godt psykososialt skulemiljø, for inkludering og tilpassa opplæring, for god læring og godt læringsutbyte. Skulen må derfor sikrast gode pedagogar med god fagleg tyngde. Fylkesmannen i Rogaland vil på det sterkaste halde fram at å erstatte nemninga *pedagogikk* med *profesjonsfag*, vil undergrave pedagogikken sin plass som kjernefag i lærerutdanninga og læraren si kjerneoppgåve i klasserommet. Heller enn å markere læreryrket, vil dette medverke til å avprofesjonalisere læreryrket. Det er pedagogikken som skil lærerutdanninga og lærarprofesjonen frå andre profesjonar, det er pedagogikken som gir læraren grunnlag for å reflektere over eigen praksis og over skolen sitt samfunnsansvar. Nemninga *profesjonsfag* vil både anonymisere nøkkelfaget i lærerutdanninga og bryte den direkte tilknytninga til pedagogiske forskingsmiljø ved universitet og høgskular, nasjonalt og internasjonalt. Fylkesmannen i Rogaland rår Kunnskapsdepartementet til å bruke det presise fagnamnet *pedagogikk* slik rammeplanutvalet har foreslått.

§ 2 Læringsutbyte

Fylkesmannen i Rogaland meiner det er viktig at *inngående kunnskap om gjeldende lov- og planverk* er eksplisitt nemnt i forskrifta. Den profesjonelle læraren må kjenne regelverket for å kunne utøve yrket sitt på forsvarleg vis. Så vil vi halde fram at dette kravet i forskrifta sjølvstilt vil

innebere at dei som arbeider i lærarutdanninga, både må kjenne regelverket og følgje med på endringar og lovavklaringar.

Etter Fylkesmannen i Rogaland sitt syn bør poengteringa av kunnskap om vald og seksuelle overgrep i *Kunnskap*, kulepunkt 6, og *Ferdigheter*, kulepunkt 8, utelatast her. Det er mange grunnar til at barn og unge er i vanskelege livssituasjonar, t.d. psykiske vanskar, rusproblem i heimen, fattigdom, ulike funksjonshemmingar og sjukdomar, m.v. Vi meiner slik innhaldsmessig vektlegging bør stå i fagomtalar og ikkje i rammeplanen for utdanninga. Det overordna målet i denne samanhengen er at lærarstudentane får kunnskap og evne til å sjå elevlar som slit fagleg og/eller sosialt, til raskt å setje i verk nødvendige tiltak og til å samarbeide med eksterne instansar med spesialkompetanse på spesifikke område for å ivareta eleven sine behov.

§ 3 Struktur og innhald

Som nemnt, er det Fylkesmannen sitt syn at *profesjonsfag* må erstattast med *pedagogikk*, då omgrepet *profesjonsfag* etter vår oppfatning er eit anonymt omgrep som svekkjer pedagogikken sin nøkkelrolle i lærarutdanninga. Dette inntrykket blir forsterka av at det i § 3 står at *pedagogikk og didaktikk inngår i profesjonsfaget*, og at 15 studiepoeng av faget skal reserverast til kunnskap om religion, livssyn og etikk. Det siste inneber etter vårt syn ei kunstig samanslåing av fag. Dersom Kunnskapsdepartementet meiner at lærarutdanninga i større grad må ta innover seg og orientere seg mot eit fleirkulturelt og fleirreligiøst samfunn, må det heller vurderast å leggje større vekt på faga samfunnsfag og KRLE i utdanninga. Slike samfunnsaspekt vil påverke opplæringa i pedagogikk, m.a. med innverknad på emne som inkluderande skulemiljø, tilpassa opplæring, samarbeid heim-skule, kjennskap til lovverk og rettar, m.v., men pedagogikkfaget bør ikkje ha noko eiga eining i religion, livssyn og etikk. Elles legg vi til grunn at didaktikk framleis må vere ein sjølvstendig dimensjon i alle fag i lærarutdanningane.

I forslaget til nye forskrifter utgjer *profesjonsfaget* totalt 60 studiepoeng av den femårige lærarutdanninga. Dersom 15 studiepoeng skulle bli reservert til eit anna fagområde, inneber det at berre 45 studiepoeng av *profesjonsfaget* står igjen til pedagogikk. Når utdanninga så blir femårig, vil pedagogikk berre utgjere 15 % av utdanninga - ein stor reduksjon i høve til dagens lærarutdanning, der pedagogikk og elevkunnskap utgjer 25 %. Etter Fylkesmannen i Rogaland sitt syn vil ei slik svekking av pedagogikken sin plass i lærarutdanninga vere eit tap for både for læraryrket og for elevane. Det er brei semje om at den gode pedagogen med solid god fagleg tyngde er den viktigaste føresetnaden for å nå måla vi har sett for elevane si læring og for skulen sin rolle i samfunnet. Kunnskap og evner knytte til klasseleiing og relasjonsbygging, læringsmiljø og læringsprosessar, tilpassa opplæring og motivasjon er avgjerande i klasserommet, og lærarstudentane må arbeide grundig med slike emne. Fylkesmannen i Rogaland meiner at pedagogikk samla sett må ha same omfang som i dag i lærarutdanninga.

Fylkesmannen i Rogaland er vidare ikkje einig i at masterfordjuping skal avgrensast til undervisningsfag. Med unntak av *begynneropplæring* som masterfag i 1. – 7. trinn, er det ikkje gitt rom for spesialpedagogiske eller pedagogiske fagområde som masterfag/masterfordjuping. På bakgrunn av det vi veit om klasseleiing og læringsmiljø, meiner vi det er underleg at lærarstudentar ikkje skal ha høve til å fordjupe seg i slik tematikk på «eigne premisser», men vere nøydde til å knyte dette til eit undervisningsfag. Master i pedagogikk og spesialpedagogikk har gitt skulen viktig kompetanse både når det gjeld skulen sitt arbeid med lærarane si profesjonelle utvikling og med skuleutvikling. Skulen treng også tilsette med master i spesialpedagogikk for å sikre forsvarleg kompetanse til å ivareta tilpassa opplæring og spesialundervisning. Kombinasjonen av allmennpedagogisk og spesialpedagogisk kompetanse har i fleire tiår vore eit kjenneteikn i utdanning av norske spesialpedagogar. Det har medverka til å sikre at elevlar med behov for spesialundervisning får opplæringa på nærskulen sin, og til at det er god samheng mellom spesialundervisninga og den ordinære undervisninga. Det er ein styrkje ved det norske systemet at

dei som gir spesialundervisning, også underviser i ordinære fag og kjenner skulen som organisasjon, skulen sin kultur og skulen sine arbeidsformer. Samanhengen mellom allmennpedagogikk og spesialpedagogikk medverkar til god førebygging, til god rettstryggleik og til å nå målet om ein inkluderande skule. Etter vårt skjønn vil dette bli vesentleg meir utfordrande dersom denne samanhengen blir broten. Vi ønskjer ikkje eit opplegg som inneber at dei som tar master i spesialpedagogikk i hovudsak er rekrutterte frå andre profesjonar.

Fylkesmannen i Rogaland viser i denne samanhengen til konklusjonane frå Ekspertgruppa for spesialpedagogikk, utnemnd av Kunnskapsdepartementet sjølv i 2012. I rapporten frå ekspertgruppa i 2014, blir det rådd til at spesialpedagogiske emne knytte til førebygging og tilpassa opplæring må vektleggjast sterkare og synleggjerast i alle lærarutdanningane. Vidare peikar ekspertgruppa på at det er markant behov for masterutdanning i spesialpedagogikk, både for å dekkje behova i skulen og for å sikre forsvarleg kompetanse i PPT. Fylkesmannen i Rogaland vil understreke at det også i PPT er sær viktig å ha tilsette med både allmennpedagogisk og spesialpedagogisk kompetanse. Samanhengen her er med på å sikre PPT sin legitimitet i alt systemretta arbeid i skulen i tillegg til at det gir godt grunnlag for sakkunnearbeidet.

— Endeleg nemner vi at lærarstudentane må kunne ta mastergrad i pedagogiske og spesialpedagogiske emne også for å sikre rekruttering til doktorgradsnivå og undervisnings- og forskingsstillingar på desse områda ved universitet og høgskular.

Når det gjeld praksis, er Fylkesmannen positiv til at delar av praksis for 1.-7. trinn skal kunne gjennomførast i barnehage. For å sikre *veiledet, variert og vurdert praksis* av høg kvalitet, bør det presiserast i forskriftene at rettleiarane i barnehagar og skular må ha rettleiingskompetanse.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

Sølvi Ona Gjul
utdanningsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Monica Mannes
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 38
E-post: fmromma@fylkesmannen.no